



## Vedlegg:

Nr.	Namn	Dato
	Klage frå Petter Tøssvik GBnr 51/13,16 og 30	06.03.2015
	Klage/merknad til vedtak frå Rune Røyset GBnr 51/14	05.03.2015
	Kommunestyret sitt vedtak i møte 05.02.2015, PS 6/15 – Reguleringsplan – detaljregulering Bustadfelt Røyset II, slutthandsaming eigengodkjenning, med administrasjonen si saksutgreiing.	05.02.2015
	Vedteken reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II (PlanId. 20130003), Plankart, reguleringsføresegner og planomtale m/vedlegg	

### Uprenta saksvedlegg:

Godkjenning oppstart privat reguleringsarbeid – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II, PS FSK 111/13 i møte 26.08.2014 - (PBL § 12-3)

Kunngjering og varsling PBL § 12-8 – Varslingskriv frå AGPlan- og Arkitektur datert 06.09.2013.

Utskrift sak PS FSK 26/14 i møte 10.03.2014 – vedtak om utlegging av reguleringsforslag – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II til 1. gongs off. ettersyn (PBL §12-10, 12-3)

### Samandrag av saka:


Kommunestyret godkjende privat reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II i møte 05.02.2015, sak PS KST 6/15. Etter kunngjering av planvedtaket er det innkomne 2 klager på vedtaket: Klage framsett av Knut Petter Tøssvik i e-post til kommunen 6. mars 2015, og Klage datert 05.03.15 framsett av Rune Røyset i e-post til kommunen den 6. mars 2015.

Klagene er mottatt innanfor klagefristen og vert teke opp til handsaming.

### Saksopplysningar:

**1. Knut Petter Tøssvik** klagar på vegen bak byggefelt Røyset I, dvs. V2. Han grunnjev klagen med at denne vegen kjem delvis inn på 51/16 og 51/13, og vil at vegen blir trekt 2 til 3 meter mot Melshornet. Viser til at vegen også delvis vil berøre eksisterande bygg som står inn i tenkt veg. Høgda på V2 kan heller ikkje bli høgare enn noverande veg pga tilkomst til garasje på 51/30.

Har også i ny epost den 6. mars vedkomande Røysetvegen uttalt følgjande i høve same sak: «Må også få gjere oppmerksom på den tungtrafikken som Røyset vegen har vore utsatt for siste åra. Hareid Kommune godkjende deponi for overskuddsmasse. Dette har ført til at vegen på enkelte område er fullstendig knust. Her er 6 tonn veg og det står ikkje i stil med dagens lastebiler på opp mot 50 tonn totalvekt. Det er ikkje i tvil om at vegen må rustast opp på enkelte områder der det er asfaltert nærmast direkte på jord. Til 8 eller gjerne 10 tonn akseltrykk. Når det då kjem nytt byggefelt, kan vi vel tenke oss korleis vegen vil sjå ut etter ei tid med anleggstrafikk»



### Kommentar til klage frå Knut Petter Tøssvik:

I ny reguleringsplan Røyset II er grensa for veg V2 mot vest lagt lenger aust enn i reguleringsplan (Røyset). Dette betyr at vegarealet allereie er flytta og ev. konflikta med omtala eigedomar er redusert i høve tidlegare. Dette framgar av kartutsnitt til venstre der dei to reguleringsplanane (Røyset og Røyset II) er samankopla.

Vedk. omtala eksisterande bygg som står i planlagt veg(V2):

Ut frå grunnkart og tidlegare gjeldande reguleringsplan er omtala eksisterande bygg oppført i strid med dågjeldande reguleringsplan (Røyset). Det er ikkje kjent for oss at vedkomande bygg er godkjent av bygningsmynde. Så langt vi kan sjå er bygningen også oppført på tiltakshavar sin grunn (regulert veggrunn i «gamleplanen»). Viser til situasjonskart og ortofoto (2010) nedanfor:

**Situasjonskart**



**2010**



Vedk. tilkomst til garasje på 51/30:

Når det gjeld fallet på vegen og høgde på nedkøyringa til garasjen på 51/30, så går det fram av lengdeprofilen for veg V2 (som følgjer planen) at vegen V2 har om lag same høgda som noverande veg. Den nye vegen V2 er føresett å følgje eksisterande veg sitt lengdeprofil mest mogleg. Dersom det skal nyttast ein-sidig fall mot aust (til grøft på oppsida av vegen) vil vegen måtte hevast frå vegen si austre høgde og med stigande fall vestover. Dette vil då medføre at vegen vert (med 3% ein-sidig fall) ca 15 cm høgare på nedsida mot omtala tomter. Dette gjev då ulemper for nedkøyringa til garasjen - som klagar ikkje vil ha (jf klaga). Å senke heile vegkroppen for å oppretthalde vegkanten si høgde mot Tøssvik ved bruk av ein-sidig fall medfører store kostnader som ikkje står i stil med dei fordelar dette ev. kan ha. Vassmengda som 1/2 -delen av vegbreidda vil påføre tomtene vest om vegen er liten og kan ikkje reknast å medføre nemnande ulemper.

Samla sett finn vi ikkje at klaga kan takast til følgje då det i planen er teke meir omsyn til eigedomane vest om veg V2 no enn i tidlegare plan. Vi finn heller ikkje å kunne ta omsyn til bygning som er oppført i strid med tidlegare regulering og ut frå grunnkartet - på annan manns grunn.

**2. Rune Røyset** har følgjande klage/merknad i høve saka:

*«Ser under siste del av vedtaket; Økonomiske konsekvensar, at det ikkje er nevnt noko om opprusting/forsterkning av Røysetvegen fram til anleggsområdet for at den skal kunne tole tungtransporten utbygginga vil medføre. Det er pr i dag 6 t. aksellast på strekinga, og vi som soknar til vegen er uroa over kva som vil skje dersom ikkje tiltak vert gjort på førehand. Vegen er i dag i temmelig dårlig forfatning etter fleire år med tungtransport til ei fylling i området her. Det er opptil 10-15 cm djupe hjulspor, nedkøyrde/veiskuldrar, knust berelag fleire plassar der gjørma kjem opp i dagen med påfølgande djupe asfalt-høler.*

*Eg er ikkje ute etter å stoppe noko vedtak, men etterlyser med dette om det finns en plan på om/når evt. utbetring skal gjerast, kan det for eksempel gjerast i samband med framføring av vatn og avløp?*

### **Kommentar til klage/merknad frå Rune Røyset:**

Klagen gjeld Røysetvegen som passerer reguleringsområdet og som berre på ei kort avgrensa strekning inngår i planområdet i samband med ny avkøyrsløse og tilkomstveg til tomtene. Reguleringsområdet for Bustadfelt Røyset II er i samsvar med kommuneplanen (2012) der det vart avsett utvidingsareal i tilknytning til det etablerte bustadområdet på Røyset. Røysetvegen har status som kommunal veg og kommunen som vegeigar har eit generelt ansvar for å halde oppe nødvendig vegstandard for den trafikk som vegen er klassifisert for. Det er rett som påpeika i merknaden at Røysetvegen no er i dårleg forfatning og at behovet for vedlikehald er høgst til stades. I ein «Robek-situasjon» som kommunen framleis er i, der fylkesmannen styrer kommunen sine lånerammer, må kommunen prioritere dei viktigaste oppgåvene, og då kjem m.a. skule- og helsetenester først. I denne situasjonen er konsekvensane m.a. at kommunen manglar midlar til opprusting/forsterking av kommunale vegar samt at vedlikehaldet må haldast på eit minimum.

Byggjefeltet Røyset II er tilrettelagt for om lag 18 nye bustadtomter, og framtidig trafikk som følgjer av utbygginga vil etter vår vurdering ikkje medføre behov for ny kommunal veg med ny klassifisering til erstatning for Røysetvegen. Vi meiner såleis at utbygginga ikkje vil medføre økonomiske konsekvensar for kommunen utover det vedlikehald som ein har ansvar for som eigar av Røysetvegen. Vi rår til at klagen ikkje vert teken til følgje.

### **Bestemmelsar i lova:**

I hht. Plan- og bygningslova § 12-12, Jf § 1-9 kan kommunestyret sitt endelege vedtak om reguleringsplan påklagast. Fylkesmannen er rette klageinstans for planvedtaket. Klage på reguleringsvedtak skal etter delegasjon frå kommunestyret framleggast for kommunens sitt utval i plansaker. Dersom utvalet finn grunn til å ta klagen til følgje, skal saka leggast fram for kommunestyret med forslag til endring av vedtaket. Dersom utvalet ikkje finn grunn til å ta klagen til følgje, gjev utvalet uttale og sender saken til fylkesmannen.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen finn ikkje grunnlag for å imøtekome dei framsette klagen, og rår formannskapet til å ikkje ta klagen til følgje men sender saka til fylkesmannen til handsaming og avgjerd.

Folkehelse konsekvensar: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Hareid, 06.05.2015

Bent Arild Grytten  
rådmann

Signe Rønnestad Kanstad  
konsulent